Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18 — Fylke: Sør-Trøndelag.

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Soknedal og Budal.

Emne: Juletre og julehalm. — Bygdelag:

Oppskr. av: Svein Malen (f. 1889) — Gard:

(adresse): Soknedal p.o. — G.nr. — Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Svara er gje etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) Ja.
2) I min barndomsbygd, Budal, var ikkje juletre brukt – og kanskje heller ikkje so mykje kjend – før for omlag femti – seksti år sidan. Men min mormor, som var fødd i 1825 – på garden Økdal i Hauka – eit sidebygdelag til Soknedal herred – fortalde at ho kjende til at juletre vart brukt i ein og annan heim allt i hennar ungdomstid, d.v.s. for omlag hundre år sidan.
3) Dette har eg ikkje fått nokon greie på, men eg skal prøve om det kan lukkast.
4) Det var tradisjon i Budal at dei hadde halmkroner hangande under taket – helst i høgsetekråa, det eg kan minnest. Paperpynt var og brukt.
5) Nei, det har eg aldri set.
6) Bordtre i små rom (stover), men i store stover kunne dei jamnast nå frå golv til tak.
7) a og b) Pynten var ljos, paperkorger, englar, julemenn, stjernor og glitterstas o.l. d. englehår, og glaskuler i rik fargebragd. Litt seinare kom og tåkn, flagg og bomull til.

9976

Emnenr. 18

8) Barna laut mykje gott få vera med ved pyntinga av juletreet.
9) Sjå svaret på spørsmål 6 —
10) Regelen var at ein tende juletreet både juleaften, nyttårsaften og trekongsaften. Utanom desse kveldane kunne dei tenda det når dei hadde gjestar og.
11) Ein går for det meste rundt treet og syng, og då helst berre julesalmar og julesongar med lettare innhald.
12) I det minste til trettande dag jul, men her i Trøndelag kunne det jamt verta hausta tjuandedagen.
13 Det er helst barna som haustar treet. Her seggjer dei: hauste, uttales høste i Budal.
14) Overalt på bygdom her ikring brukes eingran.
15) Går ut. Sjå svar på 14 —
16) Kjenner ikkje til at dei sette opp noko tre utanfor huset i jula, men julenek var det vanleg med, og det sette dei helst opp på ein staur.

Julehalm.

1) Ja, i min barndomstid hadde ein halm på golvet om julekvelden.
2) Nei.
3) Dei breidde halmen jamt utover golvet til flatseng, dei kalla.
4) Alle skulle liggja inne i daglegstova julenatta — ikkje andre netter — og då skulle det brenna ljos heile natta for å halda borte vonde vette, som sjølsagt var på ferde i mine besteforeldres tid, men skikken med julehalmen heldt seg nok ei tid etter at utyskå hadde kapitulert og. Skikken vart avlegs for omlag 60 år sidan.

9976

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING